



**Kvinnherad  
kommune**

- fellesskap og trivsel - utvikling og vekst

# Kommunedelplan for kulturminne 2017–2029 Planprogram



Foto: Kåre Eik

Kultur og Fritid

## **Innhold**

1	Innleiing .....	2
2	Bakgrunn for planarbeidet .....	2
3	Plantype , føringar, rammer og overordna planar .....	3
4	Muligheiter og avgrensingar .....	4
5	Planprosess.....	5
6	Organisering av planarbeidet .....	5
7	Medverknad .....	6
8	Innhald i kommunedelplan for kulturminne .....	6

## 1 Innleiing

Kulturminne er viktige spor frå fortida, men og ein stor del av vår levande samtid. Kulturminne er ein del av identiteten vår og er med på å gje oss tilhøyre i notida og karakter til miljøet rundt oss. Slik sett er det viktig at vi som offentleg myndigheit vernar om kulturminna våre. Kulturminne og kulturarv vert også brukt til turisme og verdiskaping. Studiar syner at sosiale relasjonar og lokal identitet er viktig dersom ein skal tevla med byane om å trekkja til seg og behalda arbeidskraft lokalt og regionalt. Ei medviten forvaltning av kulturminne som tek omsyn til vern, bevaring og formidling kan vere eit viktig tilskot i arbeidet med omdømebygging og å skapa lokal identitet. Kulturminner skaper engasjement og sosiale relasjonar, i Kvinnherad kommune er det store omfanget av restaureringsprosjekt ei vitnesbyrd om akkurat dette.

Gjennom historia har det vore mest vanleg å verne monoment og praktbygningar som til dømes kyrkjebygg. I dag vert det lagt meir vekt på å bevare kulturmiljø og kulturminne knytt til vanlege menneske sitt liv og virke.

Kulturminne og kulturmiljø er ikkje fornybare ressursar, som vert tapt for alltid dersom dei vert øydelagt eller fjerna. Vi kan sjå at i dagens samfunn forsvinn kulturminne i auka grad, eller dei vert utsett for ulike typar skadar eller forfell. I pressområder er det ei vanleg problemstilling at historiske bygningar og miljø vert rivne for å gje plass til nye bygningar, medan andre stader vert prega av fråflytting og mistar tradisjonelle næringar som gardsdrift og industri. Bygningar knytt til slike verksemder står i fare for forfall dersom dei ikkje vert tekne i bruk.

I Kommunedelplan for kulturminne i Kvinnherad kommune må vi ta utgangspunkt i at kulturminne er ein ressurs her og no, men også ein ressurs vi forvaltar på vegne av dei som kjem etter oss. Både det offentlege og kommunen sine innbyggjarar har eit ansvar for å ta vare på kulturarva vår på ein god måte. Som planmynde har kommunane ei sentral rolle i forvaltninga av kulturminne. Planleggingsprosessane i kommunen er arenaer for aktiv medverknad for lokalbefolkninga, kulturminneforvaltninga, foreiningar, historielag og andre interesserte.

## 2 Bakgrunn for planarbeidet

Hordaland fylkeskommune skisserer følgjande utfordringar for kulturminnevernet i Hordaland

1. Høge tap av kulturminne i kommunane i Hordaland
2. Kulturminnevern er lite tydeleg som fag og politikkområde i kommunane
3. Manglande kulturminneplanar i mange kommunar
4. Manglande tilgang til digitale register over kulturminne i alle kommunar

Hordaland fylkeskommune har lyst ut midlar der kommunane kan søkje om 100 000,- til registreringsarbeid og 100 000,- til arbeid med plan. Kvinnherad kommune har søkt og fått tildelt desse midlane.

Vedteken planstrategi 2011-2015 viser til at det skal utarbeidast Kulturplan for Kvinnherad kommune. Kommunedelplan for kulturminne vil vera ein viktig del av ein heilskapleg kulturplan, og eit godt steg på vegen mot ein plan som dekkjer heile kulturfeltet.

### 3 Plantype , føringar, rammer og overordna planar

Planen er tenkt utarbeida som ein kommunedelplan. Planen er heimla i Plan og bygningslova §11-1 og er ein tematisk delplan. Ein vil skilje mellom kulturminne med lokal, regional og nasjonal verdi. Planen skal vera samordna med kommunen sitt budsjett/økonomiplan slik at økonomiske rammer frå kommunen si side er klarerte.

**Til grunn for arbeidet med kulturminneplan for Kvinnherad kommune skal nasjonale og regionale målsetjingar leggast til grunn:**

- *Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ikkje overstiga 0,5 prosent innan år 2020.*
- *For automatisk freda arkeologiske kulturminne skal det årlege tapet ikkje overstiga 0,5 prosent innan 2020.*
- *Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vera vedtaksfreda innan 2020.*
- *Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.*
- *Eit representativt utval automatisk freda arkeologiske kulturminne skal vera sikra innan 2020.*
- *Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverka til å hindra uønskt nedbygging av matjord og ivareta viktige kulturminne.*

Kulturminnelova og Plan og bygningslova er dei viktigaste verktøya for å kunna ta vare på mangfaldet av kulturminne, kulturmiljø og landskap.

**Nasjonale planar som omfattar kulturminnevern:**

- NOU 2002: Fortid som former framtid – Utfordringar i ein ny kulturminnepolitikk
- St.meld 26 (2004 – 2007) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St.meld 16 (2004 – 2005) Leve med kulturminner
- St.meld 35 (2012 – 2013) Framtid med fotfeste

**Den regionale kulturplanen Premiss: Kultur** vart vedteken av Hordaland fylkeskommune 11.12.2014.

Planen skal ut frå Plan- og bygningslova leggast til grunn både for verksemda til regionale organ, og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i Hordaland. **Premiss: Kultur** har ei grundig handsaming av kulturminnefeltet. Dokumentet er difor relevant i samband med Kvinnherad kommune sitt planarbeid.

**Premiss: Kultur** er tydeleg på at den kommunale kulturminneforvaltinga skal styrkast:

*«Ei berekraftig kulturminneforvalting føreset at kommunane handterer dette feltet. Mellom mange lovpålagte oppgåver i kommunane, vert kulturminne ofte sett på som eit perifert saksområde. I tråd med nasjonale målsettingar er det likevel viktig at ein i større grad gjer kulturminne til ressursar for lokal verdiskaping og samfunnsutvikling i heile Hordaland. Her er det behov for å støtte opp om lokal*

*forvaltning, utvikling av kompetanse og styrking av den lokale eigarskapen. Formidling og tilrettelegging av kulturminne er ein del av denne oppgåva».*

Planen set mellom anna opp desse måla, som skal vera gjeldande for heile Hordaland:

- *Kulturminne og kulturlandskap som ressurs til kunnskap, opplevingar og bruk skal løftast fram.*
- *Styrke dokumentasjon for auka kunnskap om kulturminne og samanhengane dei er del av.*
- *Det lokale kulturminnevern- og museumsarbeidet skal styrkast.*
- *Kulturminnevernet skal spegle nasjonal kulturminnepolitikk og finne gode, tilpassa løysingar på regionale og lokale utfordringar*

#### **Den offentlege rolledelinga på kulturminnefeltet kan kort summerast opp slik:**

Klima- og miljøverndepartementet er formelt ansvarleg for det nasjonale kulturminnevernet.

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og ansvarleg for gjennomføring av statleg kulturminnepolitikk.

Hordaland Fylkeskommune forvaltar kulturminnevernet på regionalt nivå i Hordaland, og kan gjera vedtak om freding. Etter omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 vart ansvaret for automatisk freda kulturminne i plansaker overført til fylkeskommunane. I Hordaland fylkeskommune er det Seksjon for kulturminnevern og museum som utfører det kulturminnefaglege arbeidet.

## **4 Muligheiter og avgrensingar**

Med kulturminner meinast alle spor etter menneskeleg verke i vårt fysiske miljø, t.d. lokalitetar det knyt seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Med kulturmiljø meiner vi område der kulturminne inngår som del av en større heilskap eller samanheng. Vidare kan vi skilja mellom faste, lause og immaterielle kulturminne. Faste kulturminner er stadbundne, til dømes bygningar, bustader, gravhaugar, kokegroper, stolpehull m.m. Lause kulturminne er alle typar gjenstandar som er lausrevet frå ein fast kontekst, for eksempel gjenstandar som er kome for dagen ved arkeologisk utgraving. Immaterielle kulturminne er dei minna som lev vidare som kulturytringar i skriftleg form, eller som eventyr, historier, song og dans.

Arbeid med kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø handlar om å samla inn relevant kunnskap, systematisera og tolka denne kunnskapen, framstilla den på kart og avgrensa kulturmiljø, avklara verdien til kulturminna og kulturmiljøa og gje ei heilskapleg framstilling av dette i eit plandokument. På bakgrunn av kunnskapen vi har og tileignar oss i løpet av planprosessen må vi gjere verdivurderingar. Vi kan ikkje ta vare på alt, men vi må ta bevisste val på kva som er viktig å ta vare på. Slik kan vi sikre heilskapleg forvaltning av kommunen sine kulturminner.

Kommunedelplan for kulturminne skal omfatta kulturminne i heile kommunen. For å sikra kulturminne og kulturmiljø etter plan og bygningslova, må desse følgjast opp i reguleringsplanar, og takast med i kommuneplanen sin arealdel.

Planen skal ta føre seg kulturminne og kulturmiljø frå eldre til nyare tid. Tida før reformasjonen (1537) vert rekna som eldre tid, medan yngre en dette vert rekna som «nyare tids kulturminne»

Planen skal i første rekkje omfatta faste kulturminner og kulturmiljø. Det er også viktig at vi gjennom planarbeidet identifiserer viktige områder innanfor det immaterielle kulturminnevernet som er viktig

å fokusera på i framtida. Museum vil bli via merksemd i planarbeidet, men utover det vil planen i mindre grad dekkja dei lause kulturminna. For at vi skal lukkast i arbeidet og skapa engasjement rundt planen er vi avhengige av å spela på lag med frivillig sektor og eldsjeler i Sivilsamfunnet. Eit suksesskriterie vil då vera å invitera breidt for å finna viktige temaområder som planen skal omfatta. I planprogrammet vil vi derfor ikkje binda oss fast til kva temaområder planen skal dekkja, men særleg ha dette opp som tema på oppstartskonferansen for planarbeidet.

## 5 Planprosess

Oppstart og utsending av planprogram til høyring	Desember 2016
Februar 2016	Vedtak av endeleg planprogram og Oppstartskonferanse
2016 og vår 2017	Arbeid med kartlegging av kulturminne, analysar og utgeingar, verdivurdering og utforming av framlegg til plandokument med handlingsprogram
Haust 2017	Kommunedelplan for kulturminne vert fremja for politisk behandling

## 6 Organisering av planarbeidet

Planarbeidet skal organiserast etter PLP – metoden med

Prosjekteigar: Kvinnherad Kommunestyre

Oppdragsgjevar: Kvinnherad kommune v/ Kultur og Fritid

Prosjektansvarleg: Verksemdsleiar for Kultur og fritid Kristian Bringedal

Prosjektleiar: Rådgjevar Kultur og idrett Linda Øen

Prosjektgruppe:

- Prosjektleiar
- Samfunnsutvikling (Representant frå Landbruksavdelinga, Representant for planavdelinga, Representant for skulesektor)
- Tekniske tenester (Representant frå bygg og anlegg)
- Sunnhordland museum
- Representant for levekårskomiteen
- 2-4 representantar frå aktuelle frivillige organisasjonar

Styringsgruppe: Kvinnherad kommune v/Levekårskomiteen

Referansegrupper: Det skal opprettast referansegrupper på dei ulike temaområder som ein i planprosessen bestemmer seg for å konsentrera planarbeidet om. Dersom Sunnhordland museum

ikkje har høve til å stille med representant i arbeidsgruppa, ynskjer vi at museet vert ei referansegruppe.

## 7 Medverknad

Kommunedelplan for kulturminne er knytt opp mot kommuneplanen. Planen følgjer ordinær prosess for kommunedelplanar etter plan og bygningslova. Dette inneber at dei som ynskjer kan komma med innspel både til innhald og prosess (planprogrammet). Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, sjølv planprosessen med fristar og deltakarar, organisering og opplegg for medverknad for kommunen sine innbyggjarar og andre. Planprogrammet skal sendast ut på høyring samtidig med oppstart og kunngjering av planarbeidet. Frist for uttale skal vere minst 6 veker.

Det er ei målsetjing at kommunedelplan for kulturminner skal vera ein plan som fleire kjenner eigarskap til og ein plan som skapar engasjement og lyst til å bidra til å ta vare på kulturminna våre. Vi ynskjer derfor å samarbeida tett både med skular og med frivillige lag og organisasjonar. Det er planlagt å gjennomføra ein oppstartskonferanse i samband med Kvinnherad kulturfestival 2016. Her vil vi samla både frivillige, skulesektor og andre interesserte. Konferansen vil særleg legga til rette for at ein kan komma med innspel tidleg i planprosessen. Det vil også verta mogleg å komma med kommentarar og framlegg til endringar når det føreligg høyringsutkast til kulturminneplan med handlingsprogram.

Utover dette vert det lagt opp til møter og møteplassar med frivillig sektor undervegs i planprosessen.

## 8 Innhald i kommunedelplan for kulturminne

Ein kulturminneplan bør innehalda følgjande hovudmoment:

- Betre oversikt over kulturminne og kulturmiljø i kommunen
- Prioritering av særleg viktige kulturminne og kulturmiljø
- Handlingsplan for det vidare kulturminnearbeidet både med tanke på bevaring og formidling

### Forslag til innhald i kommunedelplan for kulturminne:

1. Om plan og prosess
2. Kommunen i eit historisk perspektiv:
3. Status og utfordring med kulturminne og kulturmiljø
4. Tema og prioriterte kulturminne
5. Handlingsplan